



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 10.09.2014

**Møtestad:** Kommuenstyresalen

**Møtetid:** 17:00 - 20:15

Medlemmene var innkalla i skriv d. 03.09.14 og møtet var kunngjort i pressa 03.09.14.

I starten av møtet vart det orienterte om status for reguleringsingplan for nordleg innsegling til Bergen frå Fylkesmannen v/ass.fylkesmann Rune Fjeld, fylkesberedskapssjef Arve Meidell og prosjektleiar Egil Hauge, Kystverket v/avd.leiar Geir Egil Skaret og prosjektleiar Rita M. Svendsbøe, Planconsult v/Marit Mjelner.

Professor Peter Emil Kaland frå Universitet i Bergen og Kari E Natland frå NUI orienterte om Biosfæreprosjektet i Nordhordland.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Atle Håuft	FrP	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Elna H Bjørndal	H	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Jorunn Signe Brakstad	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Kåre Skibenes	KRF	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Magne Rifsgård	SP	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem

<b>Per Sæthre</b>	<b>AP</b>	<b>Varamedlem</b>
<b>Ture Andersen</b>	<b>Uav</b>	<b>Varamedlem</b>
<b>Marthe Aadland</b>	<b>H</b>	<b>Varamedlem</b>

<b>Forfall meldt fra følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
<b>Asbjørn Larsen</b>	<b>AP</b>
<b>Ragnar Bratland</b>	<b>H</b>
<b>Ørjan Kristiansen</b>	<b>FrP</b>

**Desse møtte fra administrasjonen:**

**Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen og rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam. Sektrosjef teknisk Anny Bastesen var til stades ved orienteringane.**

---

### **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
47/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
48/2014	Godkjenning av møtebok
49/2014	Referatsaker
49/2014.1	Kopi av brev sendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet - Register for godkjenning og kontroll - ROBEK
50/2014	KS si medverking i lokale og regionale prosessar i kommunereforma
51/2014	Høyringsuttale Premiss:Kultur Regional kulturplan for Hordaland
52/2014	Søknad om kjøp av tilleggsareal til gbnr. 22/132

## **47/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**10.09.2014 KOMMUNESTYRET**

### **KS - 47/2014 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

## **48/2014: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok frå møte 18.06.14 vert godkjent.

**10.09.2014 KOMMUNESTYRET**

### **KS - 48/2014 VEDTAK:**

Møtebok frå møte 18.06.14 vert godkjent.

---

**49/2014: Referatsaker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Meldinga vert teken til orientering.

**10.09.2014 KOMMUNESTYRET**

**KS - 49/2014 VEDTAK:**

Meldinga vert teken til orientering.

---

**49/2014.1: Kopi av brev sendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet - Register for godkjenning og kontroll - ROBEK**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**10.09.2014 KOMMUNESTYRET**

**KS - 49/2014.1 VEDTAK:**

---

**50/2014: KS si medverking i lokale og regionale prosessar i kommunereforma**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Meland kommune gjev sitt samtykkje til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

**27.08.2014 FORMANNSKAPET****FS - 57/2014 VEDTAK:**

Meland kommune gjev sitt samtykkje til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

**10.09.2014 KOMMUNESTYRET****KS - 50/2014 VEDTAK:**

Meland kommune gjev sitt samtykkje til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

---

**51/2014: Høyringsuttale Premiss:Kultur Regional kulturplan for Hordaland****Rådmannen sitt framlegg:**

Premiss: kultur regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er ein stor og ambisiøs plan. Planen famnar over heile kulturfeltet og set fokus mange utfordringar og mogelege utviklingsområde. Meland kommune ønskjer at ein i det vidare arbeidet set fokus på regionale løysingar med omsyn til kulturminne og bevaring, arena utvikling både i kommunane og regionalt og styrking av stadidentiteten til dei som bur i kommunane. Ved i gangsetting av ulike prosjekt er det viktig at så mange som mogeleg vert involvert og at ”inngangsbilletten” for deltaking ikkje er for høg. Vi ønskjer lukke til vidare med det vidare arbeidet og iverksetting av planen.

## **27.08.2014 FORMANNSKAPET**

### **FS - 60/2014 VEDTAK:**

Premiss: kultur regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er ein stor og ambisiøs plan. Planen famnar over heile kulturfeltet og set fokus mange utfordringar og mogelege utviklingsområde. Meland kommune ønskjer at ein i det vidare arbeidet set fokus på regionale løysingar med omsyn til kulturminne og bevaring, arena utvikling både i kommunane og regionalt og styrking av stadidentiteten til dei som bur i kommunane. Ved i gangsetting av ulike prosjekt er det viktig at så mange som mogeleg vert involvert og at ”inngangsbilletten” for deltaking ikkje er for høg. Vi ønskjer lukke til vidare med det vidare arbeidet og iverksetting av planen.

## **10.09.2014 KOMMUNESTYRET**

### **Framlegg til tilleggstekst frå Marit Samnøy Jøssang, KrF:**

- 1) Gjennom barnehage og skule når ein alle barn og unge. Desse arenaene er viktige medspelarar for å nå dei kulturpolitiske måla i planen. Dette er nemnt tydeleg når det gjeld fysisk aktivitet/friluftsliv og bibliotektenesta. Men det bør også nemnast på andre felt som t.d. kunstformidling og kunstuttrykk, utover det som Den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane bidreg med.
- 2) Idé og livssynsorienterte organisasjonar sin plass i kulturlivet bør koma tydlegare fram i planen.

### **Framlegg til nytt underpunkt G inn i handlingsprogram Premiss: Kultur 5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling frå Leif Johnsen, MDG.**

**G.** Etablere regionale/kommunale arenaer for skapande aktivitet med vekt på produksjon, visning, formidling og utveksling, nasjonalt og over Nordsjøområdet.

### **Avrøyting:**

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøytes vedteke.

Framlegg til tilleggstekst pkt. 1) frå Marit Samnøy Jøssang fekk 17 røyster for, (6H, 1 AP, 4 SP, 3 KrF,

**1 Uavh, 2 FrP), 10 røyster mot, (4 AP, 1 FrP, 2 V,**

**2 SAM, 1 MDG), og er såleis vedteke.**

Framlegg til tilleggstekst pkt. 2) frå Marit Samnøy Jøssang fekk 6 røyster for, (3 KrF, 2 SP, 1 MDG),

**21 røyster mot, (6 H, 5 AP, 2 Sp, 3 FrP, 1 Uavh, 2 V,**

**2 SAM), og fall.**

Framlegg til nytt underpunkt G frå Leif Johnsen fekk 23 røyster for (H, AP, SP, KrF, V, SAM, MDG), 4 røyster mot (3 FrP, 1 Uavh), og er såleis vedteke.

#### **KS - 51/2014 VEDTAK:**

Premiss: kultur regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er ein stor og ambisiøs plan. Planen famnar over heile kulturfeltet og set fokus mange utfordringar og mogelege utviklingsområde.

Meland kommune ønskjer at ein i det vidare arbeidet set fokus på regionale løysingar med omsyn til kulturminne og bevaring, arena utvikling både i kommunane og regionalt og styrking av stadtidentiteten til dei som bur i kommunane. Ved i gangsetting av ulike prosjekt er det viktig at så mange som mogeleg vert involvert og at "inngangsbilletten" for deltaking ikkje er for høg. VI ønskjer lukke til vidare med det vidare arbeidet og iverksetting av planen.

Gjennom barnehage og skule når ein alle barn og unge. Desse arenaene er viktige medspelarar for å nå dei kulturpolitiske måla i planen. Dette er nemnt tydeleg når det gjeld fysisk aktivitet/friluftsliv og bibliotektenesta. Men det bør også nemnast på andre felt som t.d. kunstformidling og kunstuttrykk, utover det som Den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane bidreg med.

**Nytt underpunkt inn i handlingsprogram Premiss: Kultur 5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling**

**G. Etablere regionale/kommunale arenaer for skapande aktivitet med vekt på produksjon, visning, formidling og utveksling, nasjonalt og over Nordsjøområdet.**

---

**52/2014: Søknad om kjøp av tilleggsareal til gbnr. 22/132**

**Rådmannen sitt framlegg:**

1.Reg Pro AS får støtta søknad om kjøp av areal på Gnr. 22, Bnr. 115 av Meland Kommune. 2.Det må søkjast om dispensasjon /mindre reguleringsendring før deling kan gjennomførast. 3.Ved søknad om tiltak må gjeldande byggjegrense mot veg og frisiktsoner ivaretakast. 4.Administrasjonen får fullmakt til å forhandle /inngå avtale om pris med kjøpar.

## **27.08.2014 FORMANNSKAPET**

### **FS - 63/2014 VEDTAK:**

1.Reg Pro AS får støtta søknad om kjøp av areal på Gnr. 22, Bnr. 115 av Meland Kommune. 2.Det må søkjast om dispensasjon /mindre reguleringsendring før deling kan gjennomførast. 3.Ved søknad om tiltak må gjeldande byggjegrense mot veg og frisiktsoner ivaretakast. 4.Administrasjonen får fullmakt til å forhandle /inngå avtale om pris med kjøpar.

## **10.09.2014 KOMMUNESTYRET**

### **KS - 52/2014 VEDTAK:**

1.Reg Pro AS får støtta søknad om kjøp av areal på Gnr. 22, Bnr. 115 av Meland Kommune. 2.Det må søkjast om dispensasjon /mindre reguleringsendring før deling kan gjennomførast. 3.Ved søknad om tiltak må gjeldande byggjegrense mot veg og frisiktsoner ivaretakast. 4.Administrasjonen får fullmakt til å forhandle /inngå avtale om pris med kjøpar.

---